



Fløysand VA, as  
Fløksand 76  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1719 - 16/13445

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
28.06.2016

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt VA-anlegg gbnr 51/24 på Landsvik.

**Administrativt vedtak. Saknr: 222/2016**

**Tiltakshavar: Bergen Kontaktsenter**  
**Ansvarleg søkjar: Fløysand VA as**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad , dagsett 21.06.2016, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på eigedomen gbnr 51/24 på Landsvik. Eigedomen skal koplast til det kommunale VA-anlegget i kum med avsett stikk inn til eigedomen, i samsvar med situasjonskart dagett 21.06.2016.

Eigedomen har i dag privat vassforsyning og privat avlaupsløysing med slamavskiljar. Slamavskiljaren skal koplast ut ved tilkopling til kommunalt anlegg.

### Vurdering:

Tilkopling til kommunalt VA-anlegg skal skje i kum og elles på på vanlege kommunale vilkår.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt kommunalt VA-anlegg.

### Erlæring om ansvarsrett:

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Fløysand VA.

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustadhus på eigedomen gbnr 51/24 vert tilknytta kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad, dagsett 21.06.2016 og på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2016 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- pluss mva og for avlaup kr 15 000,- pluss mva per bueining.

Føretaket Fløysand VA har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Situasjonskart

### Kopi til:

Bergen Kontaktsenter	Landsvik 54	5917	ROSSLAND
----------------------	-------------	------	----------

### Mottakere:

Fløysand VA, as	Fløksand 76	5918	FREKHAUG
-----------------	-------------	------	----------